



Lars Ørjan Nese

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/306 - 22/2408

Saksbehandlar:  
Tonje Husum Aarland  
tonje.husum.aarland@modalen.kommune.no

Dato:  
21.11.2022

## Svar - Søknad om tilskot til termisk drone

### Administrativt vedtak Rådmannen sak nr:

Vi syner til din søknad datert 27.10.2022. Det er gjort slikt vedtak i saka.

### Vedtak

Modalen kommune løyver inntil kr. 22 490,- frå Næringsfondet i tilskot til Nese Media til innkjøp av termisk drone. Følgjande vilkår gjeld:

1. Tilskotet skal nyttast i tråd med søknad d. 27.10.2022.
2. Tilskotssum vert utbetalt i tråd med dokumenterte kostnader.
3. Modalen kommune sin Strategisk næringsplan (2017), samt Vedtekter for næringsfondet (2017) ligg til grunn for løyvinga.

### Saksutgreiing:

Nese Media søker stønad frå næringsfondet på kr. 22 490,- til innkjøp av termisk drone.

Føremålet med tiltaket er å utvide utstyrspakken med å kunne tilby tenester for inspeksjon, leiting og 3D modellering av bygningar. Det er mellom anna behov for å kunne bruke drone til å leite etter blant anna dyr i fjellet. Ei termisk drone vil kunne bistå redningstenesta ved leiting etter forsvunne personar eller identifisere brann. Tiltaket vil slik kunne vere til stor hjelp for bønder, brannvesen, hjelpekorps og liknande. Ei slik drone vil også kunne nyttast til inspeksjon av tak og konstruksjonar

for å identifisere lekkasjer og modellere bygninger i 3D basert på video.

### **Vurdering opp mot *Strategisk næringsplan for Modalen kommune (SNP)* og vedtekter for næringsfond**

I SNP er fokus på å styrkje gründerverksemd og morgondagen sine arbeidsplassar. Tiltaket er frå søkjar si side vurdert å kunne bidra til utvikling for verksemda.

Rådmannen si vurdering er at tiltaket vil bidra til å utvikle eit tenestetilbod i Modalen kommune som, i tillegg til å bidra til utvikling av verksemda, også vil kunne stette eit behov for innbyggjarar, næringsaktørar og redningsteneste.

#### *Økonomi*

Samla kostnad er rekna å vere kr. 62 490,-. Eigenkapital er kr. 40 000,-. Søknadssum på kr. 22 490,- tilsvarar om lag 35 % av totale kostnader.

Rådmannen si vurdering er at tiltaket er i tråd med føremålet og kriteria, og at søknaden fell inn under tildelingskategori 2 med samla stønad inntil 35 %.

### **Konklusjon**

Rådmannen si samla vurdering og konklusjon er at Modalen kommune v/ Næringsfondet løyver kr. 22 490,- i tilskot.

#### ***Klage:***

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt Ass. rådmann Tonje Husum Aarland.

Med helsing

Tonje Husum Aarland  
Ass. rådmann